

Øystre Slidre Historielag årsmelding 2025

Styret har bestått av
Leiar Tove Grethe Kolstad
Nestleiar Are Solhaug
Skrivar Svein Erik Rogne
Styremedlem Ole Steinde og Sebastian Okshovd

Valnemd Torstein Presthegge
Revisorar Ole Martin Alfstad

Kasserar utanom styret Svein Harald Hegge

Aktivitet i år

Vi arrangerte årsmøte i Valdres historielag på Buahaugen/Rabalen 10.5. Markerte rassaen juni 1944 der tyske soldatar leitte etter Peder Furubotn og hans folk. Fleire hus på desse stølane vart bla brent ned like før stølsfløting, det var harde tider. Vi serverte rummegraut og spekemat.

Servering av Kvitkako på Kvileheimen 26.9. Vi steikte ute saman med pasientar. Noko som vekte gamle minner. Etterpå vart det lokkarlag med kaffe, kvitkako, rumme og syltetøy servert ute i sansehagen.

Syndag 7.10 var det kjøring av Dale mølle. Same dag som haustmarked i Dale skule.

Møllaren Are Solhaug kjørte mølla og turka med stor presisjon, alt fungerte perfekt. Det vart male bygg dyrka på Bakkebø i Dale hjå møllaren. Ca 65 stk var innom. Vi diska opp med vassgraut med tjukk mjølk etterpå vart det nykokt kaffe og kringle. Flinke karar fekk treskeverket i gang med Reform muli som drahjelp. Treskeverket fungerte bra og det vart treskt både bygg og rug.

Memoar er ein frivillig organisasjon som saman med nynorsk kultursentrum samlar inn munnlege minne om språk, identitet og språkhistorie frå Valdres. Memoar søkte etter personar å intervjuje før jul. Her meldte vi på to for å seia lite um dialekta vår.

Vi tek fortsatt imot og scanner bilder.

Kølstad 28.2.26
Styret